



## Austevoll kommune

### Møteprotokoll

### FORMANNSKAPET

**Møtedato:** 26.08.2010 **Møtetid:** Kl. 11.15 – 16.00

**Møtestad:** Storebø pleie- og omsorgsenter **Saknr.:** 096/10 - 106/10

I tillegg til møte i formannskap og planutval var det fellesmøte med politikare og administrasjon frå Sund kommune. Det vart teke opp ein del felles saker for kommunane bl.a. reiseliv og samferdsel. Sund kommune fekk og informasjon om erfaring med papirlause møter og fekk sjå bruk av politkar-pc under formannskapsmøte.

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad (ordfører)	Frp		
Edvard Johs. Stangelan (varaordfører)	Sp		
Jostein Blænes	Frp		
Renate Møgster Klepsvik	”		
Kjetil Østervold	”		
Julie Eide Solbakken	H		
Kurt Frank	”		
Christian Halstensen	Krf		
Jane K. Stangeland	Ap		

<b>Møteleiar:</b>	Ordfører Helge Andre Njåstad
<b>Frå adm. møtte:</b>	Rådmann Rolf Nøstdal, skulesjef Liv Margareth Østervold, helse- og sosialsjef Helge Skugstad, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestl. osk Astrid N. Fagerbakke
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Merknader:</b>	Ingen merknader
<b>Innkalling:</b>	Ingen merknader

Helge Andre Njåstad  
Ordfører

Edvard Johs. Stangeland

Jostein Blænes

Renate Møgster Klepsvik

Kjetil Østervold

Julie Eide Solbakken

Kurt Frank

Christian Halstensen

Jane K. Stangeland

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
096/10	Godkjenning av møtebok frå formannskapet 15.06.2010
097/10	Politisk kvarter
098/10	Referatsaker
099/10	Periodisert budsjett og rekneskap - kart og oppmåling
100/10	Sjukefråvær - rapport 1 kvartal 2010
101/10	Politivedtekter for Austevoll kommune.
102/10	Melding om kommunen sine lån og lånevilkår pr. 30.06.2010
103/10	Skatteinngongen mai/juni 2010
104/10	Skatteinngongen juli 2010
105/10	Omsorgsbustader, sone sør
106/10	Utviding av Vinnes gravplass

## **096/10: Godkjenning av møtebok frå formannskapet 15.06.2010**

### **Vedtak:**

Møteboka frå møte i formannskapet 15.06.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

## **097/10: Politisk kvarter**

Handsaming i møtet:

### Spørsmål frå Julie Eide Solbakken:

Musikkbingen – er det bestemt tidspunkt for når den er klar til levering/plassering, og kven skal ha ansvar for tilsyn og vedlikehald.

### Svar frå ordføraren:

Musikkbingen blir montert førstkomande måndag 30. august.

Ansvar for musikkbingen er førebels tillagt arbeidsgruppe vald av ungdommens kommunestyre:

Ole Troland, Ole Andre Austevoll og Andrea Kolbeinsvik i samarbeid med livOGLyst prosjektet.

Det er intensjonen at ungdomane sjølv skal ta ansvar for musikkbingen.

### Spørsmål frå Julie Eide Solbakken:

Aktivitørstillinga – status for denne. Får dei eldre den tenesta dei fekk tidlegare.

### Svar frå rådmannen:

Aktivitørstillinga er lagt ned og erstatta med stilling som folkehelsekoordinator. Denne stillinga har ikkje same arbeidsområde som tidlegare aktivitørstilling, men skal og ivareta ein del tenester for dei eldre på pleie- og omsorgsenteret.

Nytt i år er at elevar frå helse- og sosialfaglina på Austevoll vidaregåande skule skal ha praksis på pleie- og omsorgsenteret, ein del aktiviteter for eldre vil bli organisert gjennom desse elevane.

### Spørsmål frå Julie Eide Solbakken:

Status for prosjekt ”Auka busetjing på Møkster”, husleige for dei planlagde bustadane.

### Svar frå ordføraren:

Bygging av bustadane har vore ute på anbod. Det er kome inn 1 anbod. Ordførar og administrasjon skal ha møte med Møkster BU 29.08.2010 for å drøfta vidare arbeid med prosjektet.

### Spørsmål frå Julie Eide Solbakken:

Austevoll kommune har fått mange nye innbyggare, mange av dei kjem for å arbeide på Austevoll fiskeindustri og trivast så godt at dei hentar familien sin til Austevoll. Fleire av desse kan ikkje språket, ikkje norsk og heller ikkje engelsk.

Dette fører til auka kostnader innan skule og helse. Storebø skule er ein av dei skulane som har fått fleire elevar som må få norskopplæring.

Kor mykje ansvar har politikarane for å leggja til rette for desse familiane.

### Svar frå rådmannen:

I utgangspunktet har alle som flytter til kommunen krav i henhold til særlover, bl.a. opplæringsloven der kommunen må leggja til rette for norskopplæring.

Ekstra kostnader må leggest inn i 2011-budsjettet.

### Svar frå ordføraren:

Som tilleggsopplysning kan nemnast at denne problemstillinga er nemnt i kommunen sitt brev til fylkesmannen om argumenter for skjønnsmidlar for 2011. Det brevet ligg i referatene til dette møtet.

#### **Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka.

#### **098/10: Referatsaker**

##### **Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

#### **099/10: Periodisert budsjett og rekneskap - kart og oppmåling**

##### **Vedtak:**

Kommunestyret viser til saksframstillinga og bed om at det snarast vert teke tak i saka for å tilpassa resursbruk og budsjett til inntekter og utgifter for dette budsjettområdet.

For å betra resultatet for dette området bør avtala med Austevoll kart AS reforhandlast. og redusera resursbruken på dette området, då det er ferre søknader enn tidlegare år.

Fylgjande tiltak skal gjerast:

1. Redusera bemanninga på kommunal oppmåling - 60% kommunal stilling.
2. Redusera internkjøp frå kart og oppmåling med kr. 200.000 pr. år
3. Auka gebyra i samsvar med saksframstillinga

#### **100/10: Sjukefråvær - rapport 1 kvartal 2010**

##### **Vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering.

#### **101/10: Politivedtekter for Austevoll kommune.**

##### **Vedtak:**

Austevoll formannskap vedtek at framlegg til forskrift om politivedtekt for Austevoll kommune vert lagt ut til offentleg gjennomsyn og sendt på høyring.

#### **102/10: Melding om kommunen sine lån og lånevilkår pr. 30.06.2010**

##### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek rådmannen si melding om kommunen så lånegjeld og lånevilkår til orientering

#### **103/10: Skatteinngongen mai/juni 2010**

##### **Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka

#### **104/10: SKATTEINNGONGEN JULI 2010**

##### **Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka

### **105/10: Omsorgsbustader, sone sør**

Handsaming i møtet:

Christian Halstensen var ugild under handsaming av saka.

Renate Klepsvik Møgster sette fram framlegg om at ordførar og varaordførar skal vera med i arbeidsgruppa.

Jane Stangeland sette fram framlegg om at Jane Stangeland skal vera med i arbeidsgruppa

Julie Eide Solbakken sette fram framlegg om at Julie Eide Solbakken skal vera med i arbeidsgruppa

Det vart røysta pkt.vis over tilrådinga:

1. setning – samrøystes vedteke
2. setning – vedteke mot 2 røyster (Jane Stangeland Ap og Julie Eide Solbakken H)
3. setning, endra til 4 politikare – samrøystes vedteke
4. Framlegga frå Renate Møgster Klepsvik, Jane Stangeland og Julie Eide Solbakken om medlemar vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Formannskapet opprettar ei arbeidsgruppe som legger fram sak om eventuell bygging av nye omsorgsbustader i Bekkjjarvik i kommunestyret sitt møte 2. november.

Arbeidsgruppa får fullmakt til å legge utbygginga ut på anbod med atterhald om at prosjektet får finansiering.

Gruppa vert satt saman av fire politikare valde av Formannskapet og to representantar frå administrasjonen utpekt av rådmann.

Til å vera med i arbeidsgruppa vert vald:

Ordførar Helge Andre Njåstad, varaordførar Edvard Johannes Stangeland, Jane Stangeland og Julie Eide Solbakken.

### **106/10: Utviding av Vinnes gravplass**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Jostein Blænes:

Austevoll kommunestyre vedtek at planlegging av utviding av Vinnes gravplass vert sett i gong. Formannskapet får fullmakt å bruke av disposisjonsfondet til grunnkjøp og andre relevante utgifter i samband med planlegging.

Investeringa vert vurdert i investeringsbudsjettet for 2011.

Det vart røysta over tilrådinga og framlegget frå Jostein Blænes.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (Jane Stangeland Ap og Julie Eide Solbakken H)

#### **FSK-106/10 Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at planlegging av utviding av Vinnes gravplass vert sett i gong. Formannskapet får fullmakt å bruke av disposisjonsfondet til grunnkjøp og andre relevante utgifter i samband med planlegging.

Investeringa vert vurdert i investeringsbudsjettet for 2011.